

Notat

Dykkar dato:	Vår dato:	17.11.2020
Dykkar ref:	Vår ref:	2020/461 -
	Arkiv:	10396/2020
	Sakshandsamar:	150
		Trond Salmo

Til:
Formannskapet

Rådmannen sine innspel til budsjettet

Eigedomsskatt – promillesatsar

Ny ålmenn taksering gjev kommunen nytt skattegrunnlag for eigedomsskatten. Det er nokre usikre moment enno, men dei store tala er berekna. Skattegrunnlaget er berekna til:

Næring	2,37 mrd. (der Midtfjellet Vindkraft AS utgjer 1,535 mrd.)
Anna eigedom	2,45 mrd.

Rådmannen legg fram desse forslaga til nye promillesatsar:

Næring	6,0 promille (som i 2020)	maksimal sats er 7,0 promille
Anna eigedom	2,2 promille (3,2 promille i 2020)	maksimal sats er 4,0 promille

Med desse satsane vil skatten på næringseigedommar auke med 1,4 mill. til 15,76 mill. og anna eigedom med 1,75 mill. til 5,38 mill., slik at ein når budsjettet på 21,134 mill. totalt.

Dersom politisk ønskjer å gjera endringar i satsane, vert utslaga med 1 promille, bli 835 000,- for næring og 2,45 mill. for anna eigedom.

Forlag til satsar fører til auke i eigedomsskatt på bustad med om lag 60 %, medan fritid og ein del næringseigedommar aukar med om lag 95 %.

Konsekvensar av budsjettavtale mellom regjeringa og Frp.

Denne er ikkje klar i skrivande stund.

Tilskot til private barnehagar

Tilskotssatsar er berekna med føresetnad i forskriftsendringa der pensjonspåslaget vart redusert frå 13 % til 11 %. Det viser seg at enkeltstående barnehagar (ikkje del av konsern) skal ha ei overgangsendring over to år. Dette fører til meirutgifter dei to første åra med høvesvis 260 000,- i 2021 og 130 000,- i 2022.

Tilskotssatsane for dei i overgangsordninga vert:

Store born	108 162,-
Små born	225 411,-

PU-tilskot og innslagspunkt tilskot ressurskrevjande brukarar

Auken i PU-tilskotet (som del av rammetilskotet) er del av eigendelen til nokre av brukarane me får tilskot til. Det var ikkje teke høgd for heile auken i rådmannen sitt budsjettframlegg i berekinga av tilskot til ressurskrevjande brukarar. Tilskot til ressurskrevjande brukarar er difor budsjettert 158 000,- for høgt kvart av åra.

Konsekvens av sak om kommunale avgifter

Vedtaket om kommunale avgifter (vatn, avløp og feiing) endrar netto driftsresultat (og reduserer bruk av bundne fond) med:

2021	2022	2023	2024
- 229 000,- (betring)	- 91 000,-	68 000,-	252 000,-

Krisepakke koronamidlar

I økonomiplanen er det ikkje lagt inn økonomiske ressursar til pandemien. Difor er det heilt naudsynt at desse midlane vert disponert til dette føremålet.

Fitjar får 2,6 mill. over rammetilskotet for å dekke ekstrautgifter med koronapandemien første halvår 2021. I tillegg får kommunen 500 000,- av midlane til kontroll av etterleving av reglane for arrangement m.m.

Rådmannen føreslår å fordela ein del av midlane no, for dei første 3 månadane, og vil leggja fram sak for formannskapet i mars/april om fordeling av resten av midlane. Framlegg til fordeling:

Etat	Tiltak	Sum
Teknisk	Reinhold smittevern	200 000
Oppvekst- og kultur	Vikar	350 000
Helse- og omsorg	Vikar	350 000
Helse- og omsorg	Smittevernlege	100 000
Helse- og omsorg	Koronasentralen	300 000
Administrasjon	Beredskap/ kontroll/ tilsyn	200 000
Alle	Smittvernustyr	100 000
Alle	Pandemikostnadar/ innt.svikt	1 500 000
Sum		3 100 000

Konsekvens av sak om brannstasjon

I rådmannen sitt framlegg til Budsjett- og økonomiplan 2021-2024 er det foreslått å setja av kr 18 000 000 som totalkostnad for ny sentrumsnær brannstasjon, men det er tatt atterhald om at endeleg sum må fastsetjast etter at byggeprosjektet har vore på anbod. Tilboda viser at kostnadane aukar ytterlegare og byggeprosjektet vil no ha ein totalkostnad på kr 21,65 mill. Rådmannen kan ikkje sjå at det har vore urimeleg kostnadskrevjande element i prosjektet som ikkje er opplyst om på tidlegare tidspunkt. Prosjektering er gjort av ABO og Multiconsult AS som er kontrahert via rammeavtale, prisdanning på tomt er vurdert i sak 71/20 med akseptabel prisdanning. Anbod er levert av 7 tilbydarar, og prisen er slik i tråd med marknaden.

Etter gjennomgang av prosjektet i fleire fasar er det grundig gjennomarbeida, ein har forsøkt å redusere kostnadar gjennom effektiv arealutnytting. Det meiner rådmannen prosjektet har. Prosjektet har eit vesentleg uteareal som er knytt til parkering for utrykkingspersonell, trafikkforhold og reinhold for utrykkingskøyretøy. Bygget er estetisk tilpassa at det er på ein tomt ved inngangen til Fitjar sentrum.

Kommunestyret har høve til å avvise tilbodet pga. av budsjettmessige forhold.

Dersom det vert vedtak om bygging i tråd med sakutgreiinga, må kommunestyret auke grensa for låneopptak med 4,6 mill. I tillegg kjem endring i årlege utgifter på:

	2021	2022	2023	2024
Inntekter	- 184 000			
Avdrag		184 000	184 000	184 000
Rente		44 500	59 800	86 800
Netto endring	- 184 000	228 500	243 800	270 800

Oppgradering uteområde Rimbareid skule

I investeringsprosjektet «Oppgraderings uteområde Rimbareid skule» er det føresett at ein får spelemidlar for prosjektet i 2021. Det er noko optimistisk. Ein foreslår å auke investeringsmidlar i 2021 med 635 000,- finansiert av fondsmidlar, og at ein får utbetalt desse i 2023.

Premiss om kurdøgnpris

Kurdøgnprisen som er gjeven i rådmannen sitt framlegg vart ved ein inkurie berekna på feil tal på rom. Den rette kurdøgnprisen er 102 732,- per måned / 3 425,- per døgn.

Med helsing

Olaug Haugen
Rådmann